

smakar folk ikkje visste at dei likte.

– Eg følte at det var kjærleik i lufta, seier Prits.

((Qid=BF05F039))

Legg lista høgt

Ein av dei som bobla av «naiv happiness», var ålingen Bjørn Ruud. Han vart happy alt under oppvarmingskonserten med Polkabjørn og Kleine Heine. Dei to romsdølene tok publikum på ei reise gjennom det dei hevda var nokre av dei aller største hittane i musikkhistoria – ein herleg stilmiks av populærmusikk frå 1940-talet, tyske schlagerar og country, utført med solide dosar jodling og strupesong.

– Festivalen er eit lyft for bygda, seier Ruud. Saman med ein gjeng kompisar hadde han uniformert seg med T-skjorta «Ål-dagen 1975» – ein imaginær festival som aldri fann stad. På ryggen på T-skjorta står det kven som spelte. Led Zeppelin, Deep Purple og Toradertrioen på Sundrehall. Neil Young, Rolling Stones og Uflax på Solhov.

– Dette skjedde sjølvst sagt aldri. Men «Ål-dagen 1975» er drømmefestivalen som eg måler alle festivalar opp mot, seier Morten Gjeldokk, som har designa plagget. – Sundreball er noko i nærleiken av drømmefestivalen, konkluderer han.

– I år losna det

Festivalen er eit initiativ av kompisane Øystein Etterlid og Erlend Medgard. Trass musikalsk suksess, romma debuten for tre år sidan blodslit og eit sold underskot. Men alle gode ting er tre.

– I år losna det. Me har ikkje finrekna, men grovkalkylen viser at me har tatt att tapet frå dei to fyrste åra. Festivalen er over kneika, seier Medgard.

– Me opplever at det er mange som heiar på oss, seier Etterlid. Til saman har kring 800 vore innom i lavvoen og konsertsalen frå Marit Larsen opna ballet torsdag, til Lady Moscow skrudde av forsterkaren natt til søndag. Medgard kan alt love at det blir nytt ball om eit år.



Folkehav: Elektrisk stemning under konserten med Valtourettes. Nokre la på svøm i folkehavet. (Foto: Knut Myking)



Hårete: Ziggy Wild spelte riffbasert rock med den krøllete kruttønna, Laura Prits, på rå og energisk vokal.



Fekk påfyll: Bjørn Ruud hadde kjøpt festivalpass for å fylle hovudet med gode musikalske opplevingar. – Sundreball har gitt bygda eit lyft, seier han.





Muntert: Polkabjørn og Kleine Heine inviterte til ei reise gjennom "dei aller, aller største slagerane innanfor jodling, strupesong og country & western".



Nytt Sundreball: Erlend Medgard har planane klare for Sundreball 2017.



Gapskratt: Polkabjørn og Kleine Heine bergtok publikum med jodling, strupesong, country og komikk.



Saker frå framsida [Gå til framsida](#)



[Kjørde med promille](#)

[Ein kvinneleg bilfører køyrde i rusa tilstand i Nesbyen.](#)



[Kranqlar om honoraret](#)

[Hellbillies krev ein konsertarrangør i Levanger for meir enn 850.000 kroner.](#)



[E-cupdebut på Beitostølen](#)
[Skiskytterforbundet slepper til juniorane under IBU-cupen på Beitostølen om halvanna...](#)
[Bygger for framtida](#)
[Nes kommune legg ned tre barnehagar – og bygger ein ny til 30 millionar.](#)

[Vipps - så var pengane tilbake](#)

[Forrige veke fekk Linnea G. Saue \(7\) ei utriveleg overrasking: ein tjuv tok for seg ...](#)



Annonse



Annonse

DØDSANNONSAR

Søk i våre dødsannonsar
frå 2011 til i dag.

Hallingdølen

Annonse



Annonse

